



Samferdselsdepartementet
Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Dato: 08.06.2017
Vår ref.: 2017/4934-1
Saksbehandlar: bjomidt
Dykkar ref.:

Ferjeavløysingsordninga - førespurnad om førehandsavklaring og overslag på kor mykje prosjekta kan utløysa i ferjeavløysingsmidlar

Me viser til retningslinjer for ferjeavløysningsordninga fastsett av Samferdselsdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet 22.02.2016, revidert 23.03.2017. I Hordaland er det 16 fylkesvegsamband. Fleire av desse sambanda kan det verta aktuelle å avløysa gjennom bygging av ny fylkesveg (bru). Fylkestinget har tidlegare vedteke å vurdere realisering av Masfjordsambandet som eit ferjeavløysingsprosjekt. Dei mest aktuelt ferjeavløysingsprosjekta i Hordaland er :

- Masfjordnes – Duesund
- Fjellbergsambandet
- Lerøy – Bjelkarøy
- Jektevik – Hodnanes – Nordhuglo (strekninga Nordhuglo – Hodnanes).

Alle ferjesambanda var i ordinær drift per 1. januar 2016.
I retningslinjene står det i kapittel 4.1 –*Søknadsprosessen*, at:

«Fylkeskommunen skal avklare om vegprosjektet kjem inn under ordninga før den utformar den endelege søknaden om ferjeavløysingsmidlar. Førespurnad om ei slik førehandsavklaring skal rettast til Samferdselsdepartementet.

Hordaland fylkeskommune ber om at Samferdselsdepartementet kjem med førehandsavklaring for dei fire ovanfor nemnte prosjekta. Vidare står det i retningslinjene, pkt. 4.2:

«I samband med førehandsavklaringa, må fylkeskommunen be Kommunal- og moderniseringsdepartementet om eit overslag på kor mykje prosjektet kan utløyse i årlege ferjeavløysingsmidlar. Overslaget tek utgangspunkt i inntektssystemet slik det er på det tidspunktet førehandsavklaringa blir gjeve, og omfattar brutto ferjeavløysingsmidlar fråtrekt auka drifts- og vedlikehaldskostnader på vegnettet. Det faktiske beløpet blir fastsett i samband med behandlinga av den endelege søknaden.

Utrekninga av drifts- og vedlikehaldskostnaden som skal trekkast frå brutto ferjeavløysingsmidlane føreset løysing for ferjeavløysingsprosjektet. Prosjekta ovanfor har kome ulikt langt i planlegginga. For kryssinga over Masfjorden (Masfjordnes – Duesund) er det per i dag, basert på ei teknisk/økonomisk utgreiing og før reguleringsplane ligg føre, forventa ein investeringskostnad på ein brukonstruksjon på mellom 800 og 1200

mill.kr. Statens vegvesen har rekna med at drifts –og vedlikehaldskostnaden vert 0,9 pst. av totalkostnaden. Me ber om at Kommunal – og moderniseringsdepartementet kjem med eit overslag på kor mykje sambandet Masfjordnes – Duesund kan utløysa i årlege nettoferjeavløysingsmidlar. For dei tre andre sambanda ber me om overslag på årlege bruttoferjeavløysingmidlar.

Venlegast ta kontakt med seniorrådgjevar Bjørn Inge Midtgård på tlf. 55239419, Mob.41685134 eller på epost bjorn.inge.midtgard@hfk.no ,for spørsmål eller ytterlegare informasjon.

Med helsing

Håkon Rasmussen
Fylkesdirektør samferdsel

Bjørn Inge Midtgård
Seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift